



Tysnesfest på Tiko-bilar

Tysdag klistra eigar i Tiko, Ronny Hagen, Tysnesfestmerke på alle dei sju Tiko-bilane. Han meiner det er viktig å ta vare på å hjelpe kvarandre i eit lite samfunn som Tysnes.

– Å ha Tysnesfestreklame på bilane våre gjer me vederlagsfritt i håp om at ein eller to

familiar til vil koma til Tysnesfest, seier Hagen.

Sigvard Madsen i Tysnesfest er svært nøgd med initiativet.

– Tysnesfest er ei fellessatsing, så me er sjølsagt glad når folk tek eigaransvar til festivalen. Det er det som gjer at festivalen overlever, seier han.

O-løp Stord

Det var to deltakarar frå Tysnes og Onarheim IL då Stord IL skipa til det 4. løpet i Sunnhord-landsrankinga i orientering tysdag kveld.

I klasse H-Open vart Jon I. Skjold nummer tre med 44.40 og Svein Tore Flakke nummer fire med 51.21.

Det var 77 deltakarar som stilte til start på Lundarstøl på Stord.

Euro-flyktningar frå Sør-Europa hjula i gong på Tysnes

Næringslivet på Tysnes er på jakt etter arbeidskraft, og Sør-Europearar er på jakt etter jobb. No kan fleire av dei enda opp på Tysnes.

Medan ein av fire er utan jobb i Spania, slit næringslivet på Tysnes med å få tak i nok arbeidskraft. No ser fleire og fleire Euro-flyktningar mot Tysnes, og vurderer å slå seg ned her. Det kan verta ein god match både for Tysnes og for Euro-flyktningane.

– Eg har stor sympati for alle dei familiane som no slit i Sør-Europa. Me på Tysnes er i ein situasjon der me kan hjelpe nokre av dei, og då meiner eg at me også bør syna solidaritet, fortel ordførar Kjetil Hestad.

Stor trong for tilflyttarar

Det er ikkje berre det private næringslivet som har trong for arbeidskraft. Innan dei neste fem åra skal kommunen tilsetja 60 nye personar.

– Mange innan skule-, helse og omsorgssektoren kjem til å gå av med pensjon om ikkje så lenge. Skal me klara å løysa dette, treng me tilflyttarar, fortel ordføraren.

Ein annan ting det skortar minst like mykje på som arbeidskraft her i kommunen, er barnefamiljar.

– For å halda oppe det kommunale tenestetilbodet, treng me rett og slett fleire folk. Mange av dei som kjem, har familiar som flyttar etter når ektemannen har fått fotfeste.

Tok kontakt etter radioinnslag

Det var i vinter at Kjetil Hestad sat i bilen og tilfeldigvis hørde eit innslag på radioen om Robin Hood-Huset i Bergen.

Organisasjonen hjelper folk som slit økonomisk. No opplevde dei at det kom fleire spanjolar enn nordmenn til huset for å få hjelp. Dei flykta frå arbeidsløysa i Sør-Europa og var på jakt etter jobb i Noreg.

– Desse har me jo bruk for her, tenkte ordføraren der han sat i bilen.

Stor vilje til å flytta frå byen

Han tok kontakt med organisasjonen, og han reiste til Bergen for å møta dei. Tysdag kom



FRÅ SPANIA TIL TYSNES: Tysnes kommune har oppretta kontakt med Robin Hood-huset i Bergen. Planen er å kunna formidla arbeid til jobbsøklarar frå Sør-Europa. Frå v. Alf Terje Mauricio Taipe, Guillermo Marquez, Marcos Amano, Titus Okeke og Steinar Dalland (assisterande rådmann).

representantar frå organisasjonen til Tysnes for fyrste gong.

– Arbeidssøklarane frå Sør-Europa flyttar meir enn gjerne frå byane og ut i distrikta, fortel Marcos Amano - som er leiar for Robin Hood-huset.

Kostnaden ved å leiga husvære er lågare utanfor byane. Noko som er viktig når ein har ein stor familie med trong for plass.

– Diverre ser me at det har

utvikla seg eit undersjøkt i det norske arbeidslivet. Mange av desse arbeidssinnvandrane er på desperat jakt etter jobb, og tek til takke med nesten kva som helst. Diverre har mange opplevd å verta utnytta, seier han.

Marcos Amano trur at ein mindre kommune er meir oversiktleg, og i større grad kan tilby det jobbsøklarane frå Europa er på jakt etter.

Er i gong med kartlegging

Med seg til møtet på tysdag hadde ordføraren representantar frå næringsrådet og bygdanettverket.

– Utdringa må vera å få integrert dei som kjem hit på ein god måte. Dei må ha ein stad å bu og dei må ha eit sosialt nettverk rundt seg, seier Hestad, og tek opp spørsmålet om det kan skje kan vera mogleg å få til ei fadderordning for dei som kjem.

For tida driv bygdanettverket ei kartlegging av ledige husvære rundt om i bygdene, og næringsrådet oppmodar verksemdar på Tysnes om å ta kontakt med dei om ledige jobbar.

Opprettar CV-database

Under møtet med Robin Hood-huset vart ein samd om å oppretta ein enkel CV-database slik at ein kan få klarlagt kva kompetanse jobbsøklarane har.

Hattar i dokkegalleriet

Laurdag og søndag vert det hatteutstilling i dokkegalleriet på Breidablikk i Våge. Gjesteutstillar er Torild Finsrud Velure.

Velure har mange års erfaring som hattemaker, og har delteke på ei rekkje utstillingar som «Flid og

flørt» i Bergen, separatutstillingar i Balestrand og Tingvoll Kunstlag, på Voss Folkemuseum, Hattens Dag i Bergen og messer i inn- og utland.

På Husflidstevlinga på Dyrsku'n i Seljord har ho motteke fleire fyrstepremiar.

Nei til kommunal kontantstønad

Lesarane synest det er rett av kommunen å ikkje oppretta kommunal kontantstønad. Det viser spørjeundersøkinga til «Tysnes» på nett siste veka.

I går ettermiddag hadde 209 gjeve si meining, 61 prosent meiner Tysnes kommu-

ne gjorde rett i å ikkje innføra kommunal kontantstønad, 34 prosent tykkjer kommunen skulle innført stønaden, og 5 prosent var usikre.

I dag legg me ut nytt spørsmål på nettsida vår. I denne utgåva av avisa les me om at vegvesenet er i gong med å

måla trafikken i Windsorkrysset. Gjennomsnittsfarten, som bør vera rundt 45 km i timen eller under, vil avgjera om det vert gangfelt.

Kva fart køyrer du i gjennom Windsorkrysset? Klikk deg inn på www.tysnesbladet.no og gje di røyst!

skal halda

Kværner med ny superkontrakt – sikrar framtidig arbeid for tysnesingar

3. mai kunne Kværner Stord endeleg spretta champagnen og bekrefte at dei har drege i land ein av dei største kontraktane i selskapet si søge. Kommunikasjonssjef i Kværner, Odd Naustdal, lovar at ringverknadane kjem til å verta store.

Jubelen stod i taket då Kværner bekrefte at dei hadde drege i land ein EPC-kontrakt på dekket til Edvard Grieg-plattformen. Kontrakten har ein verdi på svimlende 8 milliardar kroner, og gladmeldinga kom berre eit par veker etter at Kværner sende ut ei pressemelding om signering av ein gigantkontrakt frå AS Norske Shell om oppgradering og vedlikehald på landanlegget Nyhamna utanfor Kristiansund. Den estimerte kontraktverdien på dette prosjektet er på 6 milliardar kroner.

Bemanningsstopp på 1.650 personar

I Kværner si eiga pressemelding heiter det at plattformdekket til Edvard Grieg vil ha ei totalvekt på 21.000 tonn, og vil bestå av ein hovudmodul, ein kombinert bustad- og utstyrsmodul, ein prosessmodul og eit flammehjelm. Bygginga av dei ulike modulane skal gjerast av Kværner, med Apply Leirvik som underleverandør på bustadmodulen. Slikt skapar sjølvstøtt nye arbeidsplassar. – Ingeniørarbeidet tek til omgåande, medan fabrikkasjonen kjem i gong om eitt års tid, seier kommunikasjonssjef Odd Naustdal, som sjølv har vore innom redaksjonen i Bladet Tysnes som journalist. Han fortel også at prosjektet kjem til å ha ei forventa toppbemanning på 1.650 personar.

Eventyret har røter på Tysnes

Det mange kanskje ikkje er klare over, er at det i byrjinga var tre brøyr med etternamn frå Tysnes som la grunnlaget for det som skulle verta industrieventyret i Eldøyane. Brøyrne var Ole Vaagen, Theodor og Gustav Onarheim frå Kvinnherad, og i 1919 starta dei sildoljefabrikken. Det vert sagt at dei fyrst kunne tenkje seg plassering i Herøysund, men fann Kjøtteinsvikjø meir eigna. Sidan produksjon av sildolje er eit sesongbasert arbeid, starta dei med reparasjon av båtar og gjekk sidan vidare til båtbygging.

Verksemda vart leiande



RINGVERKNADER: Odd Naustdal er kommunikasjonssjef i Kværner. Han synest det er fantastisk å kunna lova arbeid i mange år framover. Dette vil også få ringverknadar for Tysnes.

innan båtproduksjon, og bygde seinare nokre av dei største supertankarane som har segla på verdshava. Sidan kom oljealderen på 70-talet, og ein gjekk over til å byggja plattformer. Sidan har verksemda ekspandert, og er vorten til det ein i dag kjenner som Kværner.

Potensiale i Tysnes

– Som eit industrilokomotiv i Sunnhordland er det klart at aktiviteten i Kværner har potensiale i seg til å skapa ringverknadar for heile regionen, inkludert Tysnes, seier Naustdal, om kva ein slik storkontrakt har å seia for regionen. Han ser på innkjøpstala for 2011, og konstaterer at innkjøp frå Tysnes er eit sørgjeleg kapittel.

– Tala viser at medan me kjøpte varer og tenester frå Stord for om lag 643 millionar, handla me for null kroner frå Tysnes. Året før var innkjøpa på Tysnes på fattige 1.184 kroner. Så her har tysnesingane ei utfordring, og me er alltid opne for nye, konkurransedyktige underleverandørar, oppmodar Naustdal.

Ny arbeidskraft

Per i dag er det 13 av Kværner sine tilsette som dagpendlar frå Tysnes, men svært mange tysnesingar er knytte til verksemda – anten dei er utflytta eller har familie, slekt eller hytte på gudeøya. For å få ferdigstilt dei nye oppdraga, er Kværner avhengige av ny arbeidskraft, og Naustdal røpar at dei kjem til å hyra fleire folk i tida framover.

– I år kjem me til å ta inn rundt 40 lærlingar. I hovudsak innan elektro, automasjon, industriroyrlegging og sveising. Me rekrutterer òg nye ingeniørar, røpar han, og kjem med ei oppmoding om at folk må søkja seg til Kværner. Selskapet kan lova arbeid i mange år framover. Edvard Grieg-plattformen skal ikkje stå ferdig før i 2015. Nyhamna-prosjektet varer enno lenger, og kjem difor til å gi arbeid til minst 2017/2018, anslår Naustdal.

Av Silje Huglen Tillung



e Myklebus (bygdanettverket), Trond Tvedt (Tysnes Næringsråd), Kjetil Hestad,

– Ein kan snakka om å få opp folketallet, men no har ein sjansen til også å gjera noko i praksis, meiner Hestad.

Jobbsøklarane Titus Okeke og Guillermo Marquez frå Spania var med under møtet på Tysnes. Dei har vore på jobbakt i Bergen i fleire månader. Etter møtet var dei så oppglødd at dei

hadde lyst til å ta ein rundtur rundt heile kommunen.

– Eg såg annonse om Tysnes på nettet tidlegare. Dette verkar å vera ein god plass både å bu og jobba, seier Guillermo Marquez.

KJARTAN T. MELHEIM
kjartan@tysnesbladet.no

